



Fysisk planlegging og GIS (geografiske informasjonssystem)



Emnet er todelt og skal gi ei innføring og eit oversyn over arealplanlegging etter Plan- og bygningslova på kommunalt og regionalt nivå, og ei innføring i GIS både teoretisk og metodisk med fokus på GIS som planverktøy. Emnet vil i størst mogleg grad bruke konkrete arealplanar og arealplanprosessar i undervisninga, og slik halde eit praksisnært fokus. Emnet gir ein god basis for dei som skal arbeide (og samarbeide) i kommunal sektor med planfaglege oppgåver, og for dei som ynskjer å gå vidare i eit planorientert masterstudium ved annan institusjon.

Studieinnhald

Emnet skal etablere ei forståing for Plan- og bygningsloven som planverktøy, og knyte dette til praktisk arealplanlegging. Sentralt i emnet er ei fordjuping i arealplansystemet med plantypar, planprosessen og medverknad, generelle utgreiingskrav og føringar for arealplanlegging. Emnet har fokus på overordna arealplanlegging og tek føre seg sentrale arealplandokument; Planprogram, planomtale og føresegner, plankart med arealføremål, og konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Planleggaren si rolle vert diskutert. Emnet vil også gi ein innføring i rettsverknaden av arealplanar. Praktisk og teoretisk kjennskap til GIS er ein føresetnad for å legge til rette for gode arealplanprosessar og for å kommuniserer godt med dei mange aktørane i planprosessen. Studentane skal difor også presenterast for dei moglegheitene og utfordringane GIS- som planverktøy representerer. GIS- undervisninga vil bli organisert rundt praktiske øvingar der studentane får

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga i emnet går over eit semester. Undervisninga er lagt opp med leksjonar, oppgåveinnlevering og kommunikasjon på e-læringsverktøyet Canvas. I tillegg til førelesingar er det ei økt på 4 t på datalab stort sett kvar veke der ein får hjelp til å gjennomføre praktiske øvingar. Arbeidskrav vert utforma som øvingar i kombinasjon med fagtekstar på omlag 1200 ord (/ - 10%) som skal løysast individuelt. Arbeidskrava utgjør mappeeksamen. Les meir om arbeidskrav, villkår for å framstille seg til eksamen og eksamen i emneplanen.

Aktuelle yrke og vidare studium

Studiepoeng / lengd: 15 / 1 semester

Opptakskrav: Generell studiekompetanse

Søknadsfrist: i Vårstudium

Studiestart: Vår

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsorvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no